



Hjelmeland kommune

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref..

Vår ref.
12/944-4/12/10483

Arkivkode:
232

Dato:
22.06.2012

HØYRINGSUTTALE FRÅ HJELMELAND KOMMUNE - FRITAK FOR EIGEDOMSSKATT PÅ LAVPRODUKTIVE EIGEDOMAR I STATLEG EIGE MV. OG BRUK AV FORMUESGRUNNLAG VED UTSKRIVING AV EIGEDOMSSKATT

Syner til departementets høyringsnotat av 28.03.2012, kor departementet føreslår obligatorisk fritak i eigedomsskattelova for eigedomsskatt i nasjonalparkar og naturreservat (uavhengig av eigarforhold, samt obligatorisk fritak for lågproduktive grunneigedomar (i statleg eige). Forslag om å oppheva takseringsplikt for eigedomar som er fritatt for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 5 og 7. I tillegg forslag om at kommunane som ei frivillig ordning kan nytte formuesverdiar som grunnlag ved utskriving av eigedomsskatt for bustader.

Hjelmeland kommune ynskjer å slutte seg til høyringsuttale frå LVK av 20.06.2012 og høyringsuttale frå KS av 20.06.2012.

- Forslag om frivillig fritak for eigedomsskatt etter § 7 for eigedomsskatt for nasjonalparkar, naturreservat, og andre verneområde som landskapsvern og biotopvern. Frivillig skogvern kan gis obligatorisk fritak etter § 5.
- Forslag om frivillig fritak for eigedomsskatt etter § 7 for statleg og privat lågproduktiv grunneigedom
- Takseringsplikt for eigedommar fritatt etter §§ 5 og 7 bør opphevast
- Bruk av formuesverdiar som grunnlag for utskriving av eigedomsskatt kan nyttast som ei frivillig ordning

Med vennleg helsing
Hjelmeland kommune

Børje Alander
rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur